



# ÅRSMELDING 2022

---

## ÅRSMELDING IL JOTUN Symjegruppa For perioden 1. januar til 31. desember 2022

---

### PÅ VEG MOT HUNDRE!



---

**Postadresse**  
IL Jotun  
Postboks 65  
6882 Øvre Årdal

**Besøksadresse**  
Jotunhuset, Øvre Årdal  
**E-Post**  
post@iljotun.no

[www.iljotun.no](http://www.iljotun.no)

**Bank**  
3730.25.00208  
**Føretaksregisteret**  
975 702 308



## 1. Styret si samansetjing

- Leiar Ingeborg Hjelle
- Styremedlem Trond Erik Jentoftsen
- Kasserar Håvard Gikling
- Styremedlem Johanne Molland

## 2. Grupper – utval - komitear – representasjon

- Ingeborg Hjelle har vore kontaktperson mot Allidrett
- Ingeborg Hjelle har sete i Sportsutvalet

## 3. Møter

- 1 årsmøte.
- 4 styremøte + møter på nett/telefon, 3 trenarmøter, 1 foreldremøte.
- Arbeid med Årdalsstemne, kretsstemne i Årdalshallen i februar.
- Møter i hovudstyret.
- Møter i Symjekrinsen.
- Treningar : Symjegruppa har gjennomført fire treningar i veka. Den eine var for aldersgruppa 9 år til 11 år, to var for aldersgruppa 12-18 år, og den siste var mastergruppa over 18 år. Om sommaren hadde me tilbod om frivillige treningar i utebassenget.
- Allidretten.
- Symjegruppa har stilt med kretsdommarar på 5 stemner i krinsen
- Leiar har delteke på Vestlandet Idrettsting 2022
- Leiar har delteke på Norges Svømmeforbund Forbundsting 2022
- Leiar har delteke på Idrettens Dialogmøte Sogn og Fjordane
- Ruth Laberg, Frida Lidal og leiar har delteke Treinar/leder-konferansen i Norges Svømmeforbund august 2022.
- Deltatt på kommunen si høyring om kommunedelplan idrett.

## 4. Saker

- Planla kretsstemne i Årdalshallen. På grunn av koronautbrot i bygda, blei dette flytta til Førde.
- Gjennomførte to lokale symjestemner, med god deltaking. Symjarar frå Aurland deltok på det første.
- Planla og arrangerte treningssamling både for unge symjarar i Sogn og Fjordane. Stor deltaking.
- Arrangerte to instruktørtrenar kurs.
- Fekk startpallar, og jobba med å få montert desse.
- Organisering til andre symjestemne me deltok på.
- Gjennomførte «trenarattesten». Førstehjelpskurs til alle trenarar, livreddarar, tillitsapparatet og nokre symjarar.
- Organiserte dugnad til Målrock.
- Laga uttale til kommuneplan 23-26
- Treningar med allidretten, 3 og 4 klasse, der 4.klasse fekk ta 25 m knappen.
- Delteke på TV-aksjonen 2022.

**Postadresse**  
IL Jotun  
Postboks 65  
6882 Øvre Årdal

**Besøksadresse**  
Jotunhuset, Øvre Årdal  
**E-Post**  
post@iljotun.no

**Telefon**  
  
**Telefaks**

**Bank**  
3730.25.00208  
**Foretaksregisteret**  
975 702 308



- Lotteri på Extra.
- I samband med 100-års jubileum og bok, samling for eldre trenarar/symjarar/leiarar i Symjegruppa, 15 deltok +to på teams.
- Hatt sosiale samlingar til avslutning sommar og jul.
- Ingeborg Hjelle vart årets eldsjel i Norges Svømmeforbund. Ho fekk også kulturpris i Årdal Kommune.

## 5. Medlemstal

- Totalt 183
- 125 utøvarar mellom 6-12 år (allidrettsalder med allidrett inkludert)
- 25 utøvarar mellom 10-16 år
- 33 medlemmer 17 år og eldre

## 6. Utdanning

- Utdanna 10 symjeinstruktørar, der 8 er tilhøyrande Symjegruppa.

## 7. Særforbund

- Norges Svømmeforbund

## 8. Konkurransar –Stemner – turneringar

Dato	Stemne	Deltakarar	Øvingar
5-6 februar-22	Årdalsstemnet	Sigurd Bale	100 og 50 m fri, 100 m ind. Medley, 100 og 50 m bryst, 50 m rygg, 50 m butterfly.
5-6 mars-22	Vårduppen på Eid	Tomine Jevnaker Sigurd Bale	200 og 100 m IM 200, 100 og 50 m fri 100 og 50 m bryst 50 m butterfly 50 m rygg
4-5 juni-22	Førdestemnet	Andrea Schultz Sigurd Bale Tre rekruttar; Astrid Todal Fauske Marlen Myrland Moen Helene Bale	200,100 og 50 m fri,100 og 50 m bryst, 50 m butterfly, 100 m ind. Medley, 50 m rygg. Rekruttane; 25 m fri, 25 og 50 m bryst, 50 m rygg
5-6 november-22	Hauستمne	Sigurd Bale  Rekruttar; Astrid Todal Fauske Marlen Myrland Moen Helene Bale	200, 100 og 50 m fri, 100 og 50 m bryst, 50 m butterfly, 100 m IM. Rekruttene; 25 m bryst, fri og rygg 50 m bryst

Klubben har totalt fått 10 førsteplassar, 4 andre plassar og 5 tredje plassar. Symjarane prøver seg på stadig nye øvingar og distansar, og ei tok steget frå rekrutt til approbert. Dei sette mange flotte personlege rekordar!

**Postadresse**  
IL Jotun  
Postboks 65  
6882 Øvre Årdal

**Besøksadresse**  
Jotunhuset, Øvre Årdal  
**E-Post**  
post@iljotun.no

**Telefon**  
  
**Telefaks**

**Bank**  
3730.25.00208  
**Foretaksregisteret**  
975 702 308



I tillegg arrangerte klubben «ungsamling» for symjarar frå Sogn og Fjordane Symjeksins. 35 deltakarar deltok frå Stryn, Eid, Aurland, Sogndal og Årdal. Dei hadde to økter i bassenget og ei landtrening i turnhallen, samt felles middag og film. Sosialt, lærerikt og kjekt!

## 9. Økonomi

- Omsetning i gruppa 2022 (KR) : 175 083.
- Resultat 2022 (KR) : underskot 154 312.
- Budsjett 2023 (KR) : 0.
  
- Innkjøp av nye startpallar (154630 ,-). Me mottok støtte frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane på 30 000,- for desse pallane.
  
- Støtte frå Vestland Idrettskrins/ekstraløving Vestland Fylkeskommune div. arrangement 20 000,-.
  
- Eldsjelpris 10 000,-.
  
- Symjegruppa har ingen eigen sponsor, men motteke del av midlar frå hovudsponsorane Årdal Kraftlag, Årdalsnett og Sparebanken Sogn og Fjordane. Gjennom Klubben har me avtale om 15 % på kjøp av symjeutstyr- og kle.

## 10. Anlegg & Utstyr

Symjegruppa trenar i Årdalshallen. Bassenget er greitt, men har enno ikkje fått til ei ordning med banedelarane. Me ynskjer no å kjøpe inn fleire vogner, så montering av og fjerning av banedelarane blir enklare. Me har fått eit eige rom ved bassenget der me kan oppbevare utstyret, men ikkje nøkkel.

Me får berre brukt fire baner under innandørsstemner, og vil arbeide vidare med å få orden på dette. Startpallane kom i april, og var ikkje montert før nyttår. Stenging av bassenget ein måned før det opnar ute, eit blitt eit endå større problem for oss. Sidan utebassenget skal opne endå tidlegare (rundt 1.juni) ute, blir innebassenget stengt tidleg i mai. Dette er ein viktige stemneperiodar for gruppa. Me ynskjer oss ein kortare stengingsperiode, ikkje at stenginga skal dragast endå meir inn i sesongen vår. Alternativet for oss kunne og vore at ein fylte vatn i begge bassenga.

Også i år har me hatt symjarar med funksjonshemmingar. Dessverre har ikkje Årdalshallen nokon garderobar tilpassa funksjonshemma. I Symjegruppa ønskjer me at det skal vere plass til alle, og fellesskap er viktig. Me håpar kommunen får på plass ei garderode snart, og at heisen i symjehallen verkar til ei kvar tid.

Me ynskjer oss også to treningsdagar i veka, som ikkje ligg etter kvarandre. Pr. i dag har me måndag og tysdag. Om nokre av symjarane våre ønskjer å satse, kan me leggja ut et par baner på torsdag- og fredagane siste timane, som kan brukast av alle som ynskjer å symja. Dessverre har det vore ein del negative tilbakemeldingar frå publikum, noko symjarane tykkjer er ubehageleg. Så dette er det ikkje blitt noko av.

Me ynskjer oss også ei ordentleg og stor klokke i symjehallen, og ei whiteboard på veggen til å skrive på.

---

<b>Postadresse</b>	<b>Besøksadresse</b>	<b>Telefon</b>	<b>Bank</b>
IL Jotun	Jotunhuset, Øvre Årdal		3730.25.00208
Postboks 65	<b>E-Post</b>	<b>Telefaks</b>	<b>Foretaksregisteret</b>
6882 Øvre Årdal	post@iljotun.no		975 702 308

## 11. Oppgaver i året som kjem

- Auka rekruttering, og prøve å behalda dei eldste, både frå Øvre og Årdalstangen.
- Arrangere krets- og lokale stemner.
- Arrangere treningssamlingar/ vere med på treningssamlingar i regi av Symjekrinsen.
- Arrangere stupekurs.
- Markere Jotun 100 år (med stafett?)
- Reise på stemner.
- Vidareføre oppfølging med Allidretten med aktivitet og gjennomføring av symjeknappar.
- Prøve å få kommunen til å lage garderobar til funksjonsnedsette i bassenget, system for innsamling av bandedelarane og ordne eine sementpallen til feste av tidtakarplater.
- Utdanne to nye, og vidareutdanne trenarane.
- Arrangere livredningskurs.
- Gjennomføre trenarattesten.
- Utdanne fleire kretsdommarar.
- Få nøkkel til eige rom i bassenget.
- Få montert nye startpallar, og kjøpe inn naudsynleg utstyr.
- Dugnader; bassengvask (?), Målrock, lotteri og TV-aksjonen.
- Symjeglede med flyktingar frå Vang til sommaren.
- Jobbe for at me får bruke innebassenget ut mai månad.

## 12. Eksterne verv – representasjon

- Ingeborg Hjelle, leiar i Symjekrinsen Sogn og Fjordane.

### Avslutning

Året me har bak oss starta tungt. Koronautbrot i bygda, gjorde at me måtte flytte stemnet vårt. At bassenget stengde endå tidlegare inne, gjorde det ikkje betre. Til sommaren slutta Kurt som trenar, og gruppa miste med det ein viktig støttespelar. Me takkar Kurt for all tid han har lagt ned, og dei gode resultatane han har fått til i Symjegruppa!

Heldigvis løyste trenarkabalen seg utover hausten. Det er dei unge symjarane og ungdom frå klubben som stiller opp for Symjegruppa. No har me ein flott gjeng med trenarar, som kan avløyse kvarandre. All ære til heile trenargruppa!

Solfrid Røyrvik, Kaja Hove, Andrea Schultz og Frida Lidal har trent den yngste gruppa! Borna har det kjekt og opplever meistring. At eldre symjarar blir med som trenarar er veldig flott! Jonas Fredheim, Tina Rasmussen, Kristoffer Lofheim og Lars-Christian Fauske har trent dei eldste. Symjarane har hatt ei god utvikling, og prøvar seg stadig på nye utfordringar. Det er også kjekt å sjå at medlemstalet i Symjegruppa er på veg oppover! Oppmøte på siste lokale stemne var kjempebra!

I samband med eldsjelprisen i Svømmeforbundet fekk me 10 000 kr som me ville bruke på opplæring. I november gjennomførte Symjegruppa ei treningssamling i Årdalshallen for desse pengane. 35 symjarar deltok frå heile Symjekrinsen, og 17 av dei var frå Jotun. Dette var ei særleg

---

<b>Postadresse</b>	<b>Besøksadresse</b>	<b>Telefon</b>	<b>Bank</b>
IL Jotun	Jotunhuset, Øvre Årdal		3730.25.00208
Postboks 65	<b>E-Post</b>	<b>Telefaks</b>	<b>Foretaksregisteret</b>
6882 Øvre Årdal	post@iljotun.no		975 702 308



Vår dato  
13.02.23

Vår referanse

flott oppleving. Mange positive tilbakemeldingar. «Blir det slik neste helg og, for då vil eg?» var det ein gut frå Stryn som hadde spurt. Slikt er kjekt å høyra.

Me må rette ei stor takk til hovudsponsorane våre Sparebanken Sogn og Fjordane, Årdalsnett og Årdal Kraftlag, i tillegg til Sparebankstiftinga. Dykkar støtte er heilt avgjerande for at borna i bygda skal få eit godt symjetilbod!

2022 var frivillegheita sitt år. Symjegruppa har mange foreldre og andre fantastiske friviljuge, som stiller opp på dugnadar og hjelper til når det trengs. Tusen takk alle saman! Me lyt nemne spesielt Vidar Sande, som i haust stilte opp og hjelpte oss før me hadde fått nye trenarar på plass. Han er verkeleg god å ha i bakhand!

Øvre Årdal 13.02.23

Leiar  
Ingeborg Hjelle

Styremedlem  
Trond Erik Jentoftsen

Kasserar  
Håvard Gikling

Styremedlem  
Johanne Molland

**Postadresse**  
IL Jotun  
Postboks 65  
6882 Øvre Årdal

**Besøksadresse**  
Jotunhuset, Øvre Årdal  
**E-Post**  
post@iljotun.no

**Telefon**  
  
**Telefaks**

**Bank**  
3730.25.00208  
**Foretaksregisteret**  
975 702 308